



## **Vedtekter om rettferdsvederlag for personar som har vore utsette for omsorgssvikt i institusjonar medan dei var under plassering av Kvinnherad kommune, i perioden 1945 til 1993**

### **§ 1 Formål**

Kvinnherad kommune ynskjer med denne vederlagsordninga å bidra med økonomiske midlar til å gi uttrykk for sympati og forståing overfor dei som har vore utsette for overgrep og/eller mangelfull omsorg frå det offentlege i ein sårbar livssituasjon.

Vederlagsordninga vil gjelde for personar som det kan vere grunn til å tru har vore utsette for overgrep eller omsorgssvikt i institusjonar medan dei var under plassering av Kvinnherad kommune, i perioden 1945 til 1993.

Rettferdsvederlaget er ikkje meint å dekke økonomisk tap som den enkelte eventuelt er påført som følgje av omsorgssvikt. Det må også erkjennast at vederlag som dette neppe vil kunne bli stort nok til at det vert opplevd som fullgod kompensasjon for det ein har vorten utsett for og følgjene av det ein har opplevd. Siktemålet med vederlagsordninga er å kunne gi eit synleg prov på at fellesskapen ønskjer å be om orsaking for den urett som har skjedd.

Rettferdsvederlaget vert ikkje gitt med utgangspunkt i eit aktuelt juridisk ansvar for Kvinnherad kommune. Det at det vert oppretta ei ordning med rettferdsvederlag er ikkje meint å forplikte kommunen til utbetalingar, og ingen kan gjere gjeldande noko rettsleg krav på vederlag etter denne ordninga. Utbetaling av vederlag skjer etter søknad som nemnd i dei vidare reglane, og dei avgjerdene som vert fatta kan ikkje påklagast eller på annan måte overprøvast.

### **§ 2 Sekretariat for Kvinnherad kommune**

Det skal opprettast eit sekretariat for handsaming av søknadar under rettferdsvederlagsordninga. Sekretariatet skal ha tre medlemmer, og skal vera samansett av minst ein med barnevernsfagleg kompetanse og minst ein jurist.

### § 3 Vilkår og utmåling

Det er eit grunnvilkår for å verta tilkjent rettferdsvederlag at ein var plassert i institusjon av Kvinnherad kommune i perioden 1945 til 1993. Når grunnvilkåret er oppfylt kan rettferdsvederlag bli ytt når dette vert rekna som rimeleg.

Både avgjerd om rettferdsvederlag skal ytast, og avgjerd om storleiken på vederlaget, skal skje etter ei samla skjønsmessig vurdering, der det blant anna vert lagt vekt på:

- graden av omsorgssvikt
- kor lang tid ein har vore utsett for omsorgssvikt
- om ein har vore utsett for seksuelle, fysiske eller psykiske overgrep
- overgrepets art (og omfang)
- om ein har vore utsett for gjentekne overgrep
- skadeverknader

Det vert ikkje dekka utgifter til bistand frå advokat eller andre økonomiske utgifter.

Samla rettferdsvederlag kan ytast med inntil kr. 250 000,-.

### § 4 Sakshandsaming

Søknad om rettferdsvederlag skal fremjast til Kvinnherad kommune ved Sekretariatet for rettferdsvederlag. I søknaden må det opplysast om kva institusjon og i kva tidsperiode søkaren var plassert av Kvinnherad kommune. Søknaden bør også gi nærare opplysningar om tilhøve som er relevante for kommunens vurdering av om rettferdsvederlag skal tilkjennast, og storleiken på dette. I den grad det ligg føre dokumentasjon for dei tilhøva som vert gjort gjeldande, bør denne leggest ved søknaden.

Søknad skal vere skriftleg. Den skal innehalde namn, adresse og fødselsnummer.

Søknaden må leggje fram dei tilhøva som ligg til grunn for kravet om rettferdsvederlag. Sekretariatet skal gi nødvendig rettleiing og hjelp til søkjarane for utforming av søknaden.

Sekretariatet kan be søkjarane om supplerande opplysningar dersom det er naudsynt for å at saka skal verte tilstrekkeleg opplyst.

Sekretariatet handsamar søknadane, og gir innstilling til formannskapet i Kvinnherad kommune. I utgreiinga, som så langt som praktisk råd skal gjevast anonym form, skal det gjerast greie for sakstilhøvet. Vidare skal det gjevast ei vurdering av om rettferdsvederlag bør ytast, og det skal fremjast eit framlegg til vedtak.

Kommunens vurdering av dei faktiske tilhøva kan ikkje takast til inntekt for korleis faktum er å forstå i andre relasjonar. Kravet til dokumentasjon og bevis må tilpassast føremålet med ordninga, og kan såleis ikkje vere særleg høgt. At det eventuelt vert tilkjent vederlag etter ordninga, gjennom at søkarens forklaring om faktiske tilhøve vert akseptert ved handsaminga av søknaden, kan difor på ingen måte takast til inntekt for at kommunen tar stilling til faktiske tilhøve, til dømes om enkeltpersonar har gjort seg skuldig i overgrep eller annan uakseptabel eller straffbar åtferd.

Handsamingstida skal normalt ikkje overstige 6 månader.

## **§ 5 Klage**

Vedtaka frå formannskapet er endeleg/bindande og kan ikkje påklagast.

## **§ 6 Frist for fremjing av søknad**

Søknadar om rettferdsvederlag må fremjast til sekretariatet innan utgongen av 2012. Etter dette gjeld ikkje ordninga.

## **§ 7 Endring av vedtekter**

Vedtektene kan endrast av kommunestyret i Kvinnherad. Desse vedtektene, og eventuelle endringar, skal gjerast kjende på den måten kommunestyret avgjer.

**Vedteke av Kvinnherad kommunestyre den 18.06.2009 sak 2009/1957**